

108571

Historikar utsett for hets



Skrivinga av krigssoga for Møre og Romsdal har vore utriveleg i periodar, hevdar historikar Arnliot Løseth ved Høgskulen i Volda. Han presenterte delar av fylkessoga under seminar i Volda i går.

Volda: – Enkelte har kome med svært fiendtlege utfall mot meg i samband med det eg skrive om okkupasjonsåra i Møre og Romsdal. Det opplyser historikar Arnliot Løseth til Sunnmørsposten. Han siktar då til enkeltmedlemmar av nemnda for prosjektet. Nemnda er utpeika av fylkeskommunen.

Bjørn Iversen Bård Siem (Foto)

Løset presenterte delar av dei kapitla som omhandlar okkupasjonsåra under seminar i Volda i går. Under føredraget sitt poengtig Løset den framveksten som var innan delar av nærings- og arbeidsliv.

– Han kom også inn på den nådlause lagnaden som vart dei såkalla tyskar-jentene til del, like etter at krigen var slutt. Her viste mellom anna Løset til at jenter som hadde vore i kontakt med tyskararar under krigen, hamna i politiet sine arkiv, utan vidare krimineil grunngjeving.

Omstridd

– Det er ikkje minst denne delen av krigshistoria eg har møtt motstand hos hjá eit par av medlemane i nemnda. Eg har følt det slik at dei har vore aggressi-ve, og fiendtleg innstilte til det, har gjort. I det heile har det til tider vore ein trasig atmosfære, og utriveleg å jobbe med denne delen av stoffet, hevdar Løset.

Andre delar det har vore usemjje om, er korleis kampane i Gudbrandsdalen utarta seg. Løset har også levna dei engelske soldatane sin innsats lita ære.

– Lagnaden til tyskerjentene har lenge vore eit tabuemne, der det skulle dyssast ned korleis det gjekk med «offe-

ra». Eg har likevel valt å ta det med. Krigshistorikar Ragnar Ulstein har dessutan lest gjennom alt eg har teke med, og han har ikkje kome med vesentlege faglege innvendingar, seier Løset.

Næringslivet

– Han syner elles til at delar av næringslivet hadde gode vilkår under krigsåra. Enkelte delar opplevde til og med ein sterkt ekspansjon. Samtidig betalte både privatpersonar, det private næringslivet og mange kommunar ned store delar av gjelda si. Pengar var såleis ikkje største mangelen under krigen, men varemangelen var der i stor grad. Det skjedde også ei viss utjaming med omsyn til levevilkåra mellom by og land.

Etterretning

Den delen av motstandsarbeidet Løset legg mest vekt på, er etterretningsverksemda og englandsfarten. Etterretninga med overakinga av kysten var av eit slikt omfang, at den hadde internasjonale perspektiv. Her var elles ein klar front mot tyskarane i Møre og Romsdal og, sjølv, om denne motstanden varierte geografisk.

Nemndsmedlemmar som har vore kritiske til Løseth sitt arbeid ynskjer ikkje å kommentere sakana.

Sunnmørsposten

– Eg kan stadfest at det har vore ei viss usemjje i sjøve nemnda, men ikkje meir enn det vi hadde rekna med. Det opplyser prosjekteigar for fylkes-soga, Jon Tvinneheim. Heller ikkje fylkeskultursjef Arvid Blindheim meiner usemjja er særlig dramatisk.

– Her er stoff som medlemer av nemnda har opplevd sjøve, og dette er svært kjensleladde opplevelgar. Men eg meiner denne usemjja har gatt meir mellom medlemane i nemnda, enn mellom nemnd og forfattar,

– Han har ikkje i den grad framheva det herdiske, slik krigssoga gjerne blir formidla. Det blir også vist til at ferdskapen mot tyskarane varierer, og at hatet ikkje var like sterkt over alt. Dessutan har vi til-legg hatt samarbeid med utan-

forståande faglege konsulentar, som har gått god for stoffet. Striden står vel helst om priori-

ter, seier Tvinneheim. Han meiner det som skal Løset sitt stoff fra det andre har skrive, er at forfattaren har lagt meir vekt på kvardegen hjå folk.

– Denne funksjonen har også nemndhaft, både når det gjeld dette bindet, og dei to andre som allereie er utgitt. Men utan-

sett usemjje eller stid, så står forfattaren heilt fritt. Eg ser det også som meir naturleg enn rådgjevande.

– Denne funksjonen har også nemndhaft, både når det gjeld dette bindet, og dei to andre som allereie er utgitt. Men utan-

sett usemjje eller stid, så står forfattaren heilt fritt. Eg ser det dette bindet, og dei to andre som allereie er utgitt. Men utan-

sett usemjje eller stid, så står forfattaren heilt fritt. Eg ser det dette bindet, og dei to andre som allereie er utgitt. Men utan-

sett usemjje eller stid, så står forfattaren heilt fritt. Eg ser det dette bindet, og dei to andre som allereie er utgitt. Men utan-

– Ei viss usemjje naturleg... 27.4.95